



--

Arkiv saknr:	2010/2834
Løpenr.:	19241/2015
Arkivkode:	K54

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		
Kommunestyret		

Sakshandsamar: Dorthe Huitfeldt

Aust-Telemark vassområde -vidareføring av prosjektet i 2016

Vedlegg:

- 1 Prosjektplan Aust-Telemark VO, versjon 20.05.11+tillegg 10.04.14+tillegg 10.10.2015
- 2 Brev til VRM ang.deltaking Notodden kommune 19.05.2015
- 3 Svar fra VRM - om organisering av vannområdet og deltakelse fra kommunene

Bakgrunn:

Vassforskrifta som vart innført 01.01.2007 er heimla i forureiningslova, plan- og bygningslova og vassressurslova, og implementerer EU sitt vassdirektiv i Noreg. Vassdirektivet pålegg Noreg og alle andre EU- og EØS-land å sikre, eventuelt forbetre miljøkvaliteten i alle vassførekomstar innafør sine område.

I arbeidet med å gjennomføre vassforskrifta er Noreg inndelt i vassregionar, som igjen er inndelt i vassområde. Inndelinga i vassregionar/vassområde følgjer grensene til nedbørfelt. Aust-Telemark vassområde vart starta i 2010 og er ein del av Vest-Viken vassregion. Buskerud fylkeskommune er vassregionmyndigheit (VRM) i Vest-Viken vassregion. I Vann-Nett portal ligg informasjon om alle vassførekomstar <http://vann-nett.no/portal/>

Alle vassregionane har utarbeidd forslag til sektorovergrepande vassforvaltningsplaner som skal rullerast kvart 6.år fram til 2033. Sjå <http://www.vannportalen.no/vestviken> Gjennomføringa av tiltaka i planen skal skje i tre planperiodar (2016-2021, 2022-2027, 2028-2033), på lokalt nivå "der vatnet renn". Forslag til regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021 har vore ute på høyring.

Vinje kommune handsama høyringa i plan- og miljøutvalet 05.11.14 og i kommunestyret 11.12.14. Planen skal godkjennast i Klima og miljødepartementet (KLD) innan mars 2016, etter planvedtak i alle åtte fylka i regionen i november/ desember 2015.

For å sikre ei samordna vassforvaltning, legg vassforskrifta §§ 22 og 23 til grunn at det skal vera stor grad av samhandling mellom aktørane i norsk vassforvaltning. I § 22 heiter det m.a. at "Sektormyndigheter, fylkeskommuner og kommuner har innenfor sine ansvarsområder ansvar for å utrede forslag til tiltak, samt å utrede premissene for fastsettelse av miljømål". Offentlege styresmakter sin rett og plikt til å delta i planarbeidet ligg fast, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 3-2.

Det skal og vera aktiv medverknad og deltaking frå organisasjonar og brukarar, jf. pbl § 3-6 om felles planleggingsoppgåver.

Vassforvaltningsarbeidet skal halde fram til miljømåla i alle vassførekomstar er nådd i 2033. Deretter skal alle aktørar syte for at det gode vassmiljøet blir beskytta og vedlikehalde. For å gjennomføre vassforvaltninga etter vassforskrifta er det eit mål å få på plass ei fast organisering av arbeidet, som både er demokratisk, effektiv og framtidsretta.

Norsk institutt for by og regionforskning (NIBR) har følgjeforskning på implementeringa av vassdirektivet i forvaltninga (prosjektet WAPABAT), der dei ulike organisasjonsmodellane som er bruka i vassregionane blir analysert. Midtvegsrapportar frå NIBR viser at ein modell med stor grad av lokal forankring og styring som m.a. blir nytta av vassregion Vest-Viken, har gjeve positive resultat.

Fakta:

Arbeidet i Aust-Telemark vassområde er organisert som eit tidsavgrensa prosjekt med prosjektleiar tilsett i 50 % stilling i Tinn kommune, der Vinje og Tinn kommunar (Notodden kommune t.o.m. 2014), Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark deltek med finansiering og kontaktpersonar i styringsgruppa/ arbeidsgruppa. Prosjektet var opphavleg finansiert til 01.08.2014. For å oppnå kontinuitet i det lokale forvaltningsarbeidet frå regional plan vart sendt på 1. gongs høyring i juli 2014 fram til godkjenning av planen i KLD og oppstart av tiltaksprogrammet i 2016, vedtok plan- og miljøutvalet i møte 21.05.14 (sak 14/46) å forlenge prosjektperioden til 31.12.15. Resten av 2014 vart finansiert gjennom bruk av fondsmidlar (ubrukte midlar i prosjektet frå tidlegare år), medan drifta i 2015 er finansiert ved nye løyvingar frå Vinje og Tinn kommunar, Fylkeskommunen og Fylkesmannen, samt fondsmidlar. Vidare vedtok plan- og miljøutvalet at det blir fremja ei eiga sak i 2015 for å drøfte modellar for organisering og finansiering av vassforvaltningsarbeidet i dei seinare planperiodane.

Styringsgruppemøtet i Aust-Telemark vassområde 07.05.2015 var samstemte om følgjande punkt angående vidare organisering av vassforvaltningsarbeidet:

- God lokal forankring i kommunane er eit viktig moment i vidare organisering.
- Vassforvaltningsarbeidet bør integrerast betre i kommunane, og på sakshandsamarnivå.
- Finne løysingar på organiseringa i høve til geografi og aktuelle vassforvaltningsoppgåver, og ikkje i høve til kommunegrenser.
- Forvaltninga bør vera basert på nedbørfelt etter dagens modell. Kanskje større vassområde enn dagens inndelingar, men heile Telemarksvassdraget er truleg for stort og med for ueinsarta oppgåver frå fjell til fjord?

- Kommunane/ vassområdet bør ha ein vasskoordinator som vidarefører arbeidet når prosjektperioden er over.

Vinje kommune har i høyringsvar til den regionale planen gjeve uttrykk for at ei framtidig organisering av arbeidet bør byggje vidare på dagens modell med vassområde og lokal forankring i kommunen.

Politisk styringsgruppe i vassregion Vest-Viken har drøfta vassforvaltningsarbeidet med regiondirektørar og fylkesstyreleiarar i møte med KS 11. mars 2015. Der vart tre modellar for framtidig organisering lagt fram:

1. 0-alternativer, d.v.s. ikkje formaliserte vassområde
2. Vassområde med kommunalt leiarskap
3. Vassområde styrt av vassregionmyndigheita (VRM)

I møtet vart partane einige om at ein bør arbeide for å vidareføre ein modell med kommunalt leiarskap og aktiv fylkeskommunal deltaking. Dette er den modellen Vest-Viken vassregion har arbeidd etter frå 2010.

Fylkesutvalet i Telemark hadde saka "Videreføring – organisering i Vest-Viken vassregion" til handsaming i møte 21.05.2015 (sak 60/15), der følgjande vedtak vart fatta:

1. Fylkesutvalet tilrår at arbeidsoppgåver, organisering og finansiering av vassforvaltningsarbeidet vert vidareført gjennom vassområde med kommunalt leiarskap som i prosjektperioden fram til partane har avtala ei fastare organisering.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen fremme ei eiga sak om fast organisering av arbeidet snarast råd og seinast ved starten av neste planperiode i 2017 så sant dette ikkje alt er på plass innan då.

Vurdering:

Staten har i haust starta ei evaluering av vassforvaltningsarbeidet, men konklusjonane er ikkje venta før i 2016. Det kan difor vera fornuftig å vente med å handsame framtidig organisering av vassforvaltningsarbeidet inntil konklusjonane frå den nasjonale evalueringa føreligg. Kommunereformen kan og vera eit moment for å vente med endeleg organisering. Samstundes er det ønskeleg at ei fast organisering blir avklart så snart som råd for å få arbeidet over i driftsfase og såleis unngå at prosjektet stadig blir forlenga.

For å oppnå kontinuitet i det lokale vassforvaltningsarbeidet, synest det formålstenleg å halde på den organiseringa Vest-Viken har etablert og forlengje prosjektperioden inntil ei fast organisering er på plass. Kontinuitet i arbeidet er særleg viktig for at oppfølginga av regional vassforvaltningsplan med tiltaksgjennomføring kjem godt i gang i 2016.

Til og med 2014 deltok Notodden kommune både i Aust-Telemark vassområde og Midt-Telemark vassområde. Ved forlenging av prosjektet vedtok Notodden å trekkje seg ut av prosjektsamarbeidet i Aust-Telemark for 2015. Bakgrunnen var at kommunen har lite areal og få problemstillingar knytt til dette vassområdet. Samstundes vedtok Notodden å fremje sak seinare for å drøfte modellar for organisering/ finansiering av vassforvaltningsarbeidet i planperiodane 2016-2021, 2022-2027, 2028-2033. Styringsgruppa i Aust-Telemark vassområde sende brev, 19.05.15, til VRM med spørsmål om råd/ synspunkt på korleis vassområdet skal handtere at Notodden har meldt seg ut av prosjektsamarbeidet (brev vedlagt).

VRM har i svar frå 30.09.2015 visa til at Notodden, Tinn og Vinje truleg vil ha felles interesse av å samarbeide om oppfølginga av vassforvaltningsplanen, både når det gjeld spørsmål som er viktige for verdsarven og andre felles utfordringar (brev vedlagt). Det blir påpeika at oppfølginga av vassforvaltningsplanen ikkje berre er avgrensa til gjennomføring av tiltak for å betre vassmiljøet, men og satsingar som har å gjera med arealbruk. VRM anbefaler vassområdet om å ta i bruk ein finansieringsmodell som er basert på areal og befolkning som den enkelte kommune har i vassområdet, og ber Notodden kommune om å vurdere vidare deltaking i vassområdet basert på ein omforent fordelingsnykel.

Notodden har drøfta brevet frå VRM på administrativt nivå, og har meldt at dei vil vurdere vidare deltaking i vassområdet når ei fast organisering av arbeidet er på plass. Notodden kommune vil bli invitert til å delta i arbeidsgruppa for resten av prosjektperioden, men utan krav om økonomisk bidrag til prosjektet. Det har ikkje fått konsekvensar for aktiviteten i vassområdet i 2015 at Notodden trekte seg ut av prosjektet (budsjettet dekt opp av bundne prosjektmidlar). Prosjektet vil og bli fullfinansiert i 2016, dersom dei andre bidragsytarane betaler som planlagt i finansieringsplanen, samt ved bruk av bundne prosjektmidlar. Ein ny fordelingsnøkkel mellom kommunane på prinsipielt grunnlag vil bli drøfta i arbeidsgruppa og styringsgruppa i vassområdet seinare i haust.

Konklusjon:

For å oppnå kontinuitet i det lokale vassforvaltningsarbeidet inntil ei varig organisering av arbeidet er på plass, rår vi til at prosjektperioden blir forlenga i 2016. Dette er særleg viktig for å unngå eit vakuum i arbeidet i 2016 når gjennomføringa av tiltaksplanen skal starte. Det er også viktig for å vidareføre kompetansen som er bygd opp i prosjektperioden.

I samband med forslag om vidareføring av prosjektet, er det laga eit tillegg til prosjektplanen for Aust-Telemark vassområde, datert. 10.10.2015. Vi rår til at kommunestyret godkjenner tillegget til planen med kostnader og finansiering som vedkjem eigen kommune tilsvarande kr. 82.000 til prosjektet for 2016.

Rådmannens framlegg til vedtak:

- 1. Prosjektarbeidet i Aust-Telemark vassområde blir vidareført i 2016 med prosjektleiar tilsett i 50 % stilling i Tinn kommune.**
- 2. Tillegget til prosjektplanen for Aust-Telemark vassområde, datert 10.10.2015 blir godkjent.**
- 3. Kostnader og finansiering for Vinje kommune på kr. 82.000 til prosjektet, blir lagt inn i budsjettet for 2016.**
- 4. Det skal fremmas ei eiga sak om fast organisering av vassforvaltningsarbeidet i kommunen/ vassområdet snarast råd etter at den nasjonale evalueringa av arbeidet i vassregionane er ferdigstilt, og seinast i 2017.**

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/